

Kyrjeklokka

Nr 1 - 2018

Kyrkeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

82. årgang



Foto Håkon Olav Skaar



QUIZ om
[Påskeforteljinga i Bibelen](#)

Familiedag ved
Sagedammen 1. mai

Påskedagen på
Grini som fangen
frå Hornindal aldri
kunne gløyme

"Han er stått opp, han er
ikkje her"

Tankar langs vegen til
nattverdbordet

Påskemorgen slukker sorgen

*Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!*

*Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i Paradis.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.*

*Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!*

*Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.*

*Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang på ny.
Se, iskarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.*



*Tekst: N.F.S Grundtvig
Melodi: Ludvig M. Lindeman*

”Han er stått opp, han er ikkje her”

av Harald Runde

Tre nære venner i Jesus vennekrins, tre kvinner; Maria Magdalena, Maria mor til Jakob og Salome, er på vei til Jesus grav. Dei hadde misst sin beste venn. Dei vil no gjere den siste ære over for den døde Jesus. Dei vil salve kroppen hans. Samtaletemaet er no: ”Kven skal vi få til å rulle steinen frå grav-opninga?” Men då dei kom bort til grava og såg opp, fekk dei sjå at steinen var rulla til sides. Då dei kom inn i grava, såg dei ein ung mann som sat på høgre sida, kledd i ein lang kjortel. Dei vart gripne av otte og undring, men han sa til dei: ”Vær ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, den krossfeste. Han er stått opp, han er ikkje her. Sjå her er staden dei la han!” For eit drama desse kvinnene var med på. Jesus som var lagt dø i grava han var ikkje lenger i grava.

Engelen seier vidare: ”gå av stad og sei til læresveinane hans:

Han går føre dykk til Galilea. Der skal de få sjå han.” ”Kvinnene rømde frå grava, skjelvande og frå seg av redsle. Dei sa ikkje eit ord til nokon, for dei var redde”. Slik skildrar Markus (Mark 16) reaksjonen for dei tre kvinnene på vei til Jesu grav den fyrste påskedagen. Vi kan godt forstå kvinnene sin reaksjon på det dei var utsett for. Eg trur vi og ville ha reagert på same måten som dei gjorde, om vi var i deira situasjon.

Hørde dei verkeleg rett: ”Han er stått opp, han er ikkje her”. Kunne det verkeleg ha skjedd?

Litt seinare høyrer vi om Maria Magdalena, som møter den oppstandne; Jesus. Då ho fekk møte den levande, Jesus, var ho ikkje tvil om at det var Jesus, ho hadde møtt. Ho var den som fekk oppdraget med å vere det første menneske, som vitna om, at Jesus levde. Han var stått opp. Møte Maria

Magdalena fekk med den oppstandne, Jesus, gjorde at ho endra sitt liv. Frå no av ville ho berre fortelje andre menneske om at ho hadde møtt Jesus. Han var i live. Ingen kunne stoppe henne å fortelje det ho hadde opplevd, i møte med den oppstandne Jesus.

Læresveinane fekk og møte den oppstandne. Dei var også overbevist om at dei hadde møtt Jesus levande. Det endra deira liv så veldig og dei som fekk møte deira vitnemål, vart overtydde om at deira vitnemål var truverdige.

Slik har dei fyrste vitna om Jesus, spreidd den gode budskapen om at Jesus var oppstaden og dei hadde møtt han levande. Så har vi og fått høyre denne budskapen gjennom det skrivne ord, Bibelen. Dette må vi ta stilling til, vi som har Bibelen og høyrer det forkynt i denne påska. Jesus har stått opp! Jesu lever! Trur du dette?



Som seksåring var Bendikt Arnold Sæten for første gong med og drog i taua som får kyrkjeklokkene i Loen til å kime. Sidan stod han til teneste for kyrkja mesteparten av livet. Han gjekk ut av tida onsdag den 15. november 2017, 85 år gammal.

Det raude huset like sør for kyrkja i Loen har alltid vorte kalla "Tambur" fordi det var tenestebustaden til underoffiseren med same tittel. Anders A. Mykland hadde komme frå Kandalen i Breim som tambur, og fekk seinare kjøpe huset i 1900 saman med kona Synnøve frå Haugen i Loen, og der budde dei så lenge dei levde. Den eldste av dei tre døtrene deira heitte Eli, og ho gifte seg med Anders Sæten frå Jørnbruket på Sæten.

Det vesle, grå-rosa bølgeblikkhuset som står heilt øvst og nesten ute i Loelva vart bygd av Noregs første elektriskar, Truls Rasmusson Sande då han kom heim att for godt i 1913 etter å budd og arbeidd i både England og Sør-Afrika sidan har var ein ung mann. Her budde Eli og Anders då Bendikt Arnold Sæten var fødd i mars 1932. Truls hadde bygd verkstaden sin på austsida av huset, og ute i elva hadde han eit vasshjul som han heva og senka etter kvart som han hadde bruk for drivkraft til straumaggregatet sitt. Då flodbølga slo nedover Lovatnet tidleg om morgonen den 13. september 1936 vart verkstadbygningen velta og liggjande som ein "plog" ut frå "Blikkhu-

Bendikt A. Sæten til minne

set" – det redde livet til fire år gamle Bendikt og foreldra hans. Bendikt sjølv hugsa ikkje denne hendinga, for slike traume klarar eit så ungt barnesinn å fortrenge – men Bendikt såg ikkje bort frå at det likevel prega han heile livet, for han fekk det fortalt talause gonger. Etter siste Lodalsulukka flytte den vesle familien inn i "Tambur" og etter ei lita ombygging vart dei buande der saman med Kristense, eine søstera til Eli. Bendikt fortalde at på grunn av dette sjokket, var det første verkeleg klåre minnet han hadde som barn frå 9. april 1940 då Sjur-Olav (Olav A. Loen) kom gåande opp bakken og fortalde at Norge var blitt okkupert og 2. verdskrigen var kommen til oss.

Då tambur Anders Mykland døydde i 1922, fekk Synnøve Halfdan Loen frå Isak-bruket til å hjelpe til med ringinga i Lokyrkja. Når han skulle ringe til samkomer i kyrkja; det vere seg messe, bryllaup eller gravferd, gjekk vegen hans praktisk tala over Tambur-trappa. Der sit seks år gamle Bendikt julaftan klokka halv fem når Halfdan kjem forbi og seier til guten; "No, Bendikt i Holta, no må du vere med bort i kyrkja så vi får kime!" Bendikt blir med, klatrar i stigar loddrett oppetter vegen frå loftet og to etasjar til opp i tårnet og tek til å dra tungt i dei taua som får fram den vakre, særeigne klangen i dei to klokkene i Lo-kyrkja. Det skulle han kome til å halde fram med i meir eller mindre 70 år. Ingen

har drege så mykje i desse taua som han.

Då Halfdan vart eldre og ville slutte som ringar, var det far til Bendikt, Anders Sæten som overtok jobben. Anders var ikkje berre slaktar, snikkar og røyrleggjar, han var elektriskar og – det hadde han lært av Truls Sande i yngre år. I dag ville vi kalla han "handyman"; mellom anna dreia han vakkert treverk og selde til suvenirbutikkane i tillegg til å ha eige utsal heime. Det meste av vølings- og vedlikehaldsarbeid på kyrkja eller kyrkjegarden kunne Anders ta seg av etter kvart som han såg at det trøngst utan alt for lang ekspedisjonstid hos sokne- og fellesråd og offentlege instansar. Han såg at det måtte gjerast – og gjorde det.

Så snart Bendikt vart gammal nok, vart han sjåfør på Hotel Alexandra og køyrde overlandsturar om somrane. At han arva interessene og dugleiken til faren er det ingen tvil om, og då faren døydde i 1968 var det heilt naturleg at det var Bendikt som tok over som kyrkjetenar. I tillegg fanga bilar og andre mekaniske innretningar merksemda til Bendikt. I 40 år var han tilsett ved verkstaden til Karstad & Co i Stryn, først med VW som spesialfelt, seinare også Mazda og Toyota. Når du skulle ta førarkort i 50, 60 og 70-åra var det mest praktisk å ta øvingskøyninga om ettermiddagen og kvelden, så med eit ekstra pedalsett i dei raude VW-boblene sine, var Bendikt sjåførlæraren i indre Nordfjord. I 1997 fekk han Bilbransjeforbundets 40-års medalje høgtideleg overlevert under 75-års jubileet til arbeidsgivaren, etter å ha vorte pensjonist eitt år tidlegare på grunn av vanskar med helse.

I sine yngre dagar var Bendikt ein habil fotograf og han interesserte seg sterkt for ulike nyvinningar. Eg hadde som 13-åring mitt første møte med 8 mm fargesmalfilm og tusen watts lyspære nettopp hos Bendikt i høve 75-års dagen til Morfar i 1968. Seinare gjensyn med filmane har avslørt at det kunne vere noko vanskeleg for uerfarne filmobjekt å halde på eit naturleg ansiktsuttrykk i så skarpt lys, men i dag er det sterke



Bendikt Arnold Sæten med klokka han fekk av Loen Sokneråd i høve 80-års dagen



Bendikt Arnold Sæten som omvisar for besøkjande i kyrkja



Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4
Besøksadresse: Rognehaugen 11
E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no
Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

Stryn kommune

Kyrkjeverje Børre Lian
Tlf 57 87 61 84
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no
57 87 61 80 Telefonsentral
57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl
57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg

Hornindal kommune

Kyrkjeverje Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag kl. 09 - 13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik
6788 Olden. Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Hornindal prestekontor

Tlf 57 87 98 33
Mobil 930 01 473
Sokneprest Hege Høibye
sokneprest@hornindal.kommune.no

Innvik prestekontor

Tlf 57 87 41 23/Privat 57 87 41 15
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12
runde.harald@gmail.com

Stryn prestekontor

Tlf 57 87 61 85
Mobil 948 32 875
Sokneprest Henny Koppen
Mobil 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

Trusopplæring

57 87 61 82 Trusopplærar
Guro Petronella Enerhaug
57 87 61 83 Kateket
Beate Nes

minne om kjære personar som forlèt oss for mange år sidan som Bendikt tok vare på.

Eitt av Bendikt sine varemerke var å hjelpe til der han kunne. For 40 år sidan sleit underteikna med eit elektrisk problem med ein Saab og hadde gjeve seg i kast med omfattande reparasjonsarbeid i garasjen, godt hjelpen av koplingsskjema og rullar med leidningar i ulike fargar. Utfordringa var å lage nye kabelstrømper der dei gamle hadde smelta saman. Då stoppa Bendikt og stilte same spørsmålet som Filip gjorde i Apostelgjerningane då han hørte den etiopiske hoffmannen som sat og las høgt frå Esaias; "Skynar du no og det du les?" Ettersom svaret ikkje var eintydig positivt, tolka Bendikt det som at her overgjeikk innsatsviljen kompetansen i rikeleg monn, og hjelpte til så lenge som det skulle til å få bilen funksjonsdyktig att.

Som pensjonist vart Bendikt buande i Tambur saman med Gjertrud. Sjølv om helsa ikkje var like sterk dei siste åra, køyrde han bil dagleg i allslags vør og på all slags føre - og han hadde ikkje eitt einaste uhell. Men av alt eit menneske kan oppleve, opplevde Bendikt også det verste nokon kan bli utsett for; nemlig å måtte følgje eitt av borna sine til

grava. Eldste sonen hans omkom i ei motorsykkelulukke i 1986 – Anders jr. vart 19 år gammal. Bendikt sin yngste son Martin, bur i Oslo men var stadig på besøk hos faren i heimbygda.

Vi som har vore busette i Loen Sogn fekk ha glede av tenestevilja til Bendikt i over 80 år. Vi gledde oss over at han heldt kyrkja opa om somrane like til i fjor, og kvar einaste dag, tre månader i året, opna og stengde han kyrkja klokka ti føremiddag og kveld og passa på kulturverdiane bak ei opa kyrkjedør, prata litt med turistane og såg til at alt var i orden. Saman med Olaug og Gjertrud gjorde han ein av dei viktige pensjonistjobbane i bygda.

Loen Kyrkjelyd lyser Guds fred over Bendikt sitt minne.

Tekst: Olav R Faleide

Foto: Vegard Solheim



Eit lesarinnlegg til Kyrkjelokka:

Januar 2018.

I dag har eg lese heile julenummeret av Kyrkjelokka. Der var utruleg mykje godt og interessant stoff. Stor takk til dei som arbeider med dette interessante bladet.

Den norske kyrkja har kvart år ei veke som dei kallar "Kyrkjeveka for fred i Palestina og Israel". Eg las nettopp referatet frå denne veka i 2017.

Diverre var det slik som det har vore dei andre åra: einsidig kritikk av Israel.

Eg syns det er trist at deler av den norske kyrkja og fleire kristne organisasjonar har eit slikt negativt syn på Israel. Korleis klarar dei å oversjå det som skjer på den andre sida?

Ein sak har alltid to sider. Skal ein gjere seg opp ei meining, må ein gjere seg kjend med argumenta frå begge sider. Eg er redd mange må ha gløymt det.

Eg vil anbefale bladet "Midtøsten i fokus", og deira heimeside miff.no. Eg vil ikkje starte nokon diskusjon i bladet. Men eg vil sette pris på om du vil kontakte meg så vi kan snake om det, enten du er einig eller ueinig med meg. Emnet bør ikkje vere tabu.

Petra Sunde



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Tankar langs vegen til nattverdbordet

Då Kyrkjemøtet i 2011 gjorde vedtak om at det normalt skulle vere nattverd på alle gudstenester i den norske kyrkja, var det nok ein og annan som fekk seg ein stuss. Det er ikkje lenge sidan at nattverden var noko svært høgtideleg og alvorleg. Ein måtte vere konfirmert for å få lov å gå fram og ta imot, og ein skulle ikkje gå for ofte.

Så vart aldersgrensa fjerna, og smått om senn endra synet på nattverden seg slik at nattverdspraksisen likna meir og meir på den katolske. I den katolske kyrkja har nattverden ein sjølv-sagt plass i alle gudstenester. Det er noko stort sett alle deltek i, og det går føre seg ved at ein går fram til presten og tek imot brødet i ståande stilling. Såleis liknar det på det som no har blitt meir vanleg i Den norske kyrkja, nattverd med intinksjon, altså dypping av brødet i vinen, - men i den katolske kyrkja er det presten som drikk vinen. Kyrkjelyden får berre nattverdsbrødet.

Diskusjonen om intinksjon, ståande i midtgangen, er aktuell. Denne måten å gjere det på har ført til fleire nattverds-gjester. Dette kan ha fleire grunnar. Ein er ikkje fullt så synleg når ein står i ei rekkje i midtgangen, som når ein kneler på alterringen. Dei som har problem med å knele, eller gå opp trappetrinna til alteret, er fri akkurat den bekymringa. Det tar heller ikkje så lang tid.

Men for nokon gjer det godt

å knele ved alterringen, i eit tett fellesskap. Nattverden får ein annan dimensjon, dei som kneler møtest fysisk, skulder ved skulder, heilt konkret kan dei kjenne på fellesskapet. Så kan vi tenkje på at vi høyrer saman med dei som har gått bort, dei som fullfører den tenkte ringen som held fram bak alteret. Desse to måtane å forrette nattverd på har litt ulike kvalitetar, difor blir begge brukt.

-Men det oppstår eit problem dersom kyrkjelyden er liten. Det kan kjennast som eit press til å gå fram når presten og medhjelparen står i midtgangen og ser ut over forsamlinga. Det kan vere at ein synest ein må gå fram for ikkje å skuffe dei to som står der. Dette presset kan nok synast like stort om presten står inne i alterringen, men tross alt er ho eller han då litt meir på avstand-.

Eg har valt å ha nattverd ofte. Eg ynskjer å ha nattverd når det er dåp. Då kjem det mange til gudsteneste som ikkje er der så ofte, og eg tenkjer at også desse må få anledning til å delta i denne handlinga. Eg vil ha nattverd når vi har tårnagenthelg og Lys vaken. Då er borna førebudde på det som skal skje, og kan ta eit val på grunnlag av det dei veit og kan.

Det finst gudstenester utan nattverd. Julaftan til dømes, då ville det vel nærast vere ugjennomførleg, - og 17. mai har vi ekstremt dårleg tid. Gudstenester med mange 4-åringar, eller med kyrkja full av speidarar kan ein arrangere

utan nattverd, elles synest eg stort sett det høyrer med. Mange kyrkjesamfunn har alltid nattverd i gudstenesta, det er sjølve høgdepunktet i messa når ein kan gå fram og møte Jesus konkret i brød og vin, i lekam og blod, og vite at alt gale i livet mitt er tilgitt.

Av og til blir eg møtte med ynskje om nattverd med desse orda: «Eg ynskjer syndsforlating». Å få syndsforlating inneber ikkje nødvendigvis nattverd, men for mange heng det godt saman. Nattverden er eit spesielt, nært fellesskap med Jesus, der vi blir tydeleg mint om at han tok på seg straffa for all synd i verda, og tok den med seg i døden. Dette forstår vi ikkje, og det skjer heller ikkje noko spesielt med oss når vi tar imot brødet og vinen. Likevel får vi tru at Gud er nær på ein spesiell måte, han tar imot oss, tilgir det vi har gjort gale, velsignar oss og styrkjer oss med sin heilage Ande. Når vi går fram trur vi med hender og føter, med kropp og sansar, vi er med der det skjer, saman med fleire andre som trur det same og gjer det same. Det er ikkje så viktig kva vi forstår eller kva vi føler. Vi er midt i det.

Så er det opp til kvar enkelt kor ofte eller kor sjeldan ein vil gå til nattverd. Eg ynskjer å tilby det så ofte som råd i mine gudstenester, og så håpar eg at kvar enkelt gjer det ein har tru for, også å sitje i ro i benken dersom det kjennest rett. Og så tenkjer eg at i denne samanhengen kan det aldri bli for mykje av det gode.

Miriam si forteljing

av Brynhild Lund Notøy

Juleevangeliet av Håvard Rem vart framført i Hornindal kyrkje av Sogn og Fjordane Teater i byrjinga av desember 2017. Det var ein fin inngang til adventstida.

I Håvard Rem si forteljing er det Miriam, Josef si syster, som fører ordet. Miriam var ei kvinne av folket, og forteljinga har eit folkeleg preg. Ho fortel om den strabasiøse ferda frå Nasaret i Galilea til Judea og Davidsbyen der Josef sin familie skulle skrive seg i manntalet.

Ein kjem tett inn på menneska og omstenda rundt Jesu fødsel. Samstundes formidlar ho på ein levande måte dei urolege og spente tidene dei

levde under på den tida. Det var store spenningar mellom Europa og Midtausten akkurat slik som det er i dag.

Håvard Rem har ei jordnær tilnærming til den historia som har vore med å prege kulturen vår så sterkt. Juleevangeliet er ei stemme frå fortida og historia vår. Kanskje det er viktig for oss å lytte til den stemma?

Idun Losnegård formidla Miriam si forteljing med stor innleving. Sjølv om mykje av historia har eit alvorleg preg, kunne vi stundom ane ein lun humor. Ho brukte dialekta si, og det gav forteljinga eit folke-

leg preg. Vi kjenner forteljinga og uttrykka frå Bibelen. Idun Losnegård formidla bodskapen med si dialekt og uttrykksmåte. Så siterte ho dei mest kjende tekstane slik dei står i Bibelen. Det var svært effektivt.

21.mars skal Soft framføre Maria Magdalena - Jesu virke i Nedstryn kyrkje. Det er Håvard Rem som har skrive teksten og Reidun Melvær Berge skal framføre den. Eg vil tru det vert ei like god oppleving som den vi hadde i Hornindal kyrkje føre jul.

Familiedag ved sagedammen 1. mai

Trusopplæringsutvalet inviterer tysdag 1. mai til ein spennande familiedag ved sagedammen.

Det vert spennande program i amfiet, båt laging og kanskje

ein liten konkurranse, spikking, grilling, leik og moro. Dette er eit av dei nye tiltaka som vert starta opp. Samlinga er for familiar frå heile Indre Nordfjord. 2.

klassingane er spesielt invitert, men vi håper å sjå store og små uansett alder til ein kjekk dag ved sagedammen.



Statistikk for 2017

	Olden m /Ljosheim		Innvik		Utvik		Innvik prestegjeld	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Døyppte	7	8	3	4	2	2	12	14
Døyppte, bur i soknet	10	5	3	3	3	2	16	10
Konfirmerte	9	13	11	5	3	3	23	21
Vigde	7	5	2	0	1	1	10	6
Gravferder	13	13	8	5	8	7	29	25
Gudstenester	30	30	20	25	17	20	67	75
Deltakarak ved gudstenester	2187	2158	1155	1300	925	981	4267	4439
Nattverdgjester	300	407	203	222	153	192	656	821
Offer/kollekt	60529	87991	40159	40164	53343	39220	154031	167375
Fasteaksjonen	14106	16269	10056	12622	12719	11715	36881	40606

	Hornindal		Nordsida		Randabygd		Hornindal prestegjeld	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Døyppte	14	12	4	4	2	6	20	22
Konfirmerte	19	19	3	7	3	2	25	28
Vigde	3	4	1	1	0	1	4	6
Gravferder	12	12	1	5	4	1	17	18
Gudstenester	25	24	19	19	13	13	57	56
Deltakarak ved gudstenester	2264	2180	1375	1430	547	681	4186	4291
Nattverdgjester	142	238	346	375	53	42	541	655
Offer/kollekt	87802	68955	54186	53103	9562	16922	151550	138980

	Oppstryn		Nedstryn		Loen		Stryn prestegjeld	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Døyppte	7	11	19	27	6	10	32	48
Konfirmerte	5	2	33	44	9	8	47	54
Vigde	2	1	3	6	4	2	9	9
Gravferder	9	8	18	15	9	3	36	26
Gudstenester	18	18	47	49	17	20	82	87
Deltakarak ved gudstenester	871	929	4853	4836	1541	1894	7265	7659
Nattverdgjester	299	320	925	799	181	181	1405	1300
Offer/kollekt	29427	26751	105969	107739	36981	36495	172377	170985

Tilsaman for alle tre prestegjelda Innvik, Hornindal og Stryn

	2017	2016	Endring 2017/2016
Døyppte	64	84	-20
Konfirmerte	95	103	-8
Vigde	23	21	2
Gravferder	82	69	13
Gudstenester	206	218	-12
Deltakarak ved gudstenester	15718	16389	-671
Nattverdgjester	2602	2776	-174
Offer/kollekt	514839	517946	-3107

50-års konfirmantane og utdeling av bok til 4-åringane i soknet i Oppstryn Kyrkje

Den 22.10.2017 vart det treff for 50-års konfirmantane i Oppstryn Kyrkje. Det var totalt 26 stk i dette kullet, og av dei var det 12 stk som møtte.

Same dag var det utdeling av bok til 4-åringane i soknet. Her var det 5 stk som møtte opp.

Siv Guddal Flo



Frå venstre: Siri Brekke Flo, Johanna Thastum Sunde, Josefine Rosenvinge-Berge, Jardar Øverli Nedre-Flo og Torjus Flo.



Framme frå venstre: Britt Kaspersen, Astrid Flo, Ruth Sandvik, Kari Grov, Halldis Bolstad
Bak frå venstre: Idun Nytun, Inger Tjellaug, Målfrid Erdal, Ragnhild Berge, Anne Karin Nedre-Flo, Erling Gjørven og Knut Nytun

Påskedagen på Grini som fangen frå Hornindal aldri kunne gløyme

Jon Ytreshorn

Per Svor (1915 – 1985) vart tidleg på 1940-talet fengsla for sin motstand mot den tyske okkupasjonsmakta. Han sat i fleire fengsel og fangeleirar i Norge, dei siste åra i konsentrasjonsleiren Sachsenhausen i Tyskland. Etter krigen vart han fast knytta til Oslo politidistrikt.

"I tillegg tok Per Svor opp arven etter faren Ola Svor og gjorde eit stort arbeid både for museet etter sin farbror, bilethoggar Anders Svor, og for å samle historia om Anders Svor for ettertida." (Inge Fænn i boka Anders Svor, Bilethoggaren frå Hornindal. 2014)




Per Svor

Det skjedde i fangleiren på Grini nær Oslo 1. påskedag 1943. Datoen var 25. april. Veret var regntungt og grått. På eit lite rom i ei brakke sit seks norske fangar. Blant dei er ein ung politimann frå Hornindal. Brått kjem ein annan fange inn. Han gjer teneste som reinhaldar på romma både til tyske offiserar og norske krigsfangar. I handa har han ein samankrølla papirlapp. Han vender seg til den unge politimannen og seier: "Eg fann denne i papirkorga til den tyske kommandanten. Det er ein del av eit telegram. Kommandanten ville visst nok ikkje at du skulle få det!"

Undrande opnar mottakaren papirbiten og les. Som ved eit under er heile telegramteksten bevart: "Herren lever, og vi skal leve! Velsigna paaske. Helsing Eide." Også mottakaren sit namn, Per Svor, er godt leseleg. Det gjer eit ugløymande inntrykk på den unge honndølen å få denne helsinga



frå soknepresten sin, Nils Eide i Hornindal. Telegrammet var forsøkt stansa. Men som ved eit under vart ein bit oppdaga av ein vaken medfange og bringa til rett person. Det var som om Herren sjølv heldt si vernande hand om påskehelsinga, henta frå Johannesevangeliet kap 19. Den grå og regntunge dagen vart




med eitt forvandla til ein lysande juvel! Påskedagen var dagen då den unge honndølen gret av glede. Det vart dagen han aldri kunne gløyme!

Høgtidsdagane i påsken er mange. Kvar av dei har sin spesielle budskap og særpreg. Samla utgjer dei ein mektig symfoni med himmelsk fylde. Påskedag samlar dei mange tonane seg - moll og dur - i eit crescendo: "Jesus, vår Frelser er oppstått frå grava." Herren lever, og vi skal leve!" (Joh 14, 19).

Påskedag stadfester at Jesus har overvunne dødens makt. Langfredag rydda gudløysa Jesus av vegen.

I tre dagar. Meir makta ikkje gudløysa. Påskedag måtte dødskreftene vike. Ut av grava stig Jesus, Guds son, den sigrende: "Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger? (1. Kor15,55). Jesu ord på krossen langfredag "Det er fullført!" er håpsordet om frelse og evig liv til alle som vil ta imot.



"Søndag 27

Eg hørde andakt ved sekretær ... kl. 1/2 11. På grunn av at arbeidstempoet er dårleg, skulle vi i dag gå utan mat til kl. 17 (5). Då fekk vi sild, spekesild, men ikkje brød til kvelds. Men eg har ikkje vore svolten i kveld for det. Omlag 100 av oss som skal til Tyskland vart ropte opp i kveld, delt i 3 grupper. Nokre sivile gestapo såg på oss. Kl. 1/2 8 i kveld hadde vi natt-

verd, svært gildt.

Mandag 28

Dr. teol. Schjelderup og sokneprest Sveinar fortetta nattverden i gårkveld, i vasketøy-barakka. Siste dagen på Grini. Vi er sivile og skal stå reiseklar kl. 12.30. Eg sender 2 brev til Rasmus, 1 til Eva. Tek med ein brødrasjon, og litt mjøl heimanfrå. Gud vara alle mine kjære heime, Amen."



Per Svor etter Nazistane sin arrestasjonen av han i Oslo 31. mars 1942

Gamlekyrkja i Olden - Eit Gudshus som blir lagt merke til

Midt i Olden sentrum, i Sjøatunet, omkransa av majestetiske fjell, blå brear og grøne dalar, ligg Olden gamle kyrkje. Kyrkja er bygt der det tidlegare har stått ei stavkyrkje frå rundt 1300 og ei tømmerkyrkje frå 1746. Etter at tømmerkyrkja vart øydelagt i ein storm 11 år etter oppføring, vart den noverande kyrkja bygt i 1759. Frå den tid og fram til den nye kyrkja stod ferdig i 1934, var kyrkja ein sentral samlingsplass for folket i Olden og Oldedalen, både når Guds Ord skulle delast, når gleda skulle feirast med bryllaup og barnedåp og når sorg og smerte gjorde livet tungt og vanskeleg. Då var Gamlekyrkja samlingspunktet, slik den nye er det i dag. Men Gamlekyrkja er i bruk også i dag. Kvar 17. mai samlast ein til lek gudsteneste i kyrkja, og under Oldendagane blir det arrangert konsert. Elles blir kyrkja brukt i ulike samanhengar gjennom året.

Gjennom heile turistsesongen, frå det første skip i april til det siste langt ut på hausten, står kyrkja der med vidopen dør, som om ho vil seie; "Kom inn og sjå meg - Her er det mykje spennande og verdifullt!". Og tusenvis av menneske tek imot invitasjonen, og dei blir ikkje skuffa. NIKU (Norsk Institutt For Kulturminneforskning) gjennomførte i tidsrommet august 2016 til august 2017 ei konservering av kyrkja si altartavla frå 1772. Denne vart truleg laga av Vallentin Wedel frå Bergen. Moses-skulpturen som var i dårlegast tilstand, vart frakta til NIKU sitt atelier i Oslo for undersøking og behandling. Skulpturen er no komen tilbake i kyrkja.

NIKU har utarbeidd ein



Gamlekyrkja i Olden si
Altartavle frå 1772

fyldig rapport (OPPDRAGS-RAPPORT 84/2017 - A 308 OLDEN GAMLE KIRKE - Behandling av altartavle fra 1772 av Nina Kjølsten Jernæs) om det arbeidet som er utført. Det er Riksantikvaren som finansierer dette prosjektet.

Sammendraget frå denne rapporten er følgjande; Sitat; *Olden gamle kirke fra 1759 har en altartavle fra 1772. Den har tidligere blitt delvis overmalt, og deler av overmalingen ble fjernet i forbindelse med konservering og restaurering i 1970. Etter befaring i kirken i 2016 ble altartavlen tilstandsvurdert med tilstandskategori 2 (TG2), det vil si med dårlig tilstand og behov for konservering. Moses-skulpturen som var i dårligst tilstand ble fraktet til NIKUs atelier i Oslo for undersøkelse og behandling april 2016. Ved remontering av skulpturen i juni 2017 behandlet NIKU skader på resten av altartavlen. Løs og oppskallet maling ble festet, og skitne overflater ble rensset for støv, smuss, rennmerker fra ferniss, blyantstreker, stearin og fugleskitt. Skjemmende skader ble retusjert.* Sitat slutt.

Men Olden Gamle Kyrkje hyser meir enn ei flott og verdifull altartavle. Eit silketeppe, ein kollekthåv og ein messehagel er i dag oppbevart hos Bevarings-tjenesten for registrering og

vedlikehald, og så vil dei bli levert tilbake til kyrkja når det arbeidet er gjort. Bevarings-tjenesten seier følgjande om desse gjenstandane; *Silketeppet er ein uvanleg gjenstand, dette er ikkje noko som er vanleg å finne i kyrkjer. Kvaliteten på stoffet er fin, og broderiet er detaljrikt og vel utført. Metalltrådane er ekte gull av høg karat, og ekte sølv, og dette seier også noko om at dette er ein spesiell og verdifull tekstil. Kollektthåven er også spesiell, stoffet Lampas som den er laga av er eksklusivt, og har nok vore dyrt i anskaffelse. Den er også velsydd. Messehagelen er nok den mest ordinære gjenstanden av dei tre. Dette er ein type messehagel som det har vore laga mange av i Norge på slutten av 1800-tallet, og vi har konservert nokså mange liknande messehaglar. Det betyr sjølsagt ikkje at den er uviktig, berre at den er meir vanleg.*

Når alle desse gjenstandene kjem tilbake i kyrkja, må det nok vurderast om det er nødvendig å innføre ulike sikringstiltak. Olden sokneråd er innstilte på å finne fram til gode løysingar som både sikrar kyrkja og verdiane i kyrkja, men som også sikrar at ordninga med opa kyrkje kan halde fram. Du er velkomen til å stikke innom når døra står opa.

Olden, 02.02.18 EÅ

Ein handskriven bibel

Ein stor plastpose, full med handskrivne ark, hamna ein dag i januar, på pulten min. Det viste seg å vere ein handskriven bibel, ført i pennen av Mons M Folven. Mons Folven var frå Folven i Oppstryn. Han levde frå 1897 til 1988, og bortsett frå dei siste to åra, budde han dei siste åra av livet sitt på det som då heitte Aldersheimen, i Stryn. Mons var døv, han kunne teiknspråk, men sidan svært få andre kunne det så var det kanskje litt komplisert for han å kommunisere med omverda. I alle fall gav han seg til å skrive av Bibelen, og no ligg han i ein pen bunke i ein plastpose på prestekontoret.

Det var Inger Grimstad som kom med Bibelen og gav han til Stryn omsorgssenter ein gong sist haust. Ho fortel at ho var besøksven på aldersheimen i mange år, og at Mons Folven var ein av dei ho hadde jamt kontakt med. Ein til to gonger i veka besøkte Mons familien Grimstad, i huset deira i Vikalida, og kvar gong han kom på besøk hadde han med seg 12-14 handskrivne ark, det

meste avskrift av Bibelen. Men han hadde også avskrift av katekisma, og mellom dei handskrivne arka finst det handskrivne andakter for eit heilt år, truleg avskrifter dette og.


Erling Gjørven bur på garden der Mons M Folven vaks opp. Han fortel at Mons var ein djupt religiøs mann, og at han ofte las truedkjenninga for familien når han møtte dei. Erling fortel og at Mons hadde gått på døveskulen på Hamar og at han etterpå hadde utdanna seg til skomakar. Dette yrket hadde han i mange år, i tillegg til at han arbeidde på garden. Han var ein sterk og arbeidssam mann og ein kan tenkje seg at då han vart eldre, og trass bra helse vart buande på aldersheimen, kunne det bli lange dagar. Så gav han seg altså i kast med Bibelen.

Teksten han har skrive av er på eit gammalmodig bokmål, det ser ut til å vere 1930-utgåva av bokmålsbibelen han har brukt. Kvar side han har skrive, har han gitt eit kapittelnummer, og desse samsvarar ikkje med kapitla i bibelen. Av og til finn vi ein

kommentar nedst på sida, som til dømes denne: «Denne skal sige. Eg hører Herren til og denne kalde sig med Jakobs namn. Og denne skal skrive med sin Haand? Mons Monsson Folven. Eg tenkjer at «denne» er Mons, som omtalar seg i tredje person.

Underteikna har starta arbeidet med å systematisere dei tettekne arka. Truleg har dei ikkje vore skrivne i kronologisk rekkefølgje. Nokre tekstar er skrivne fleire gonger, og det er ikkje fullstendige bibeltektar, det som ligg føre. Truleg har Mons skrive det han syntest var oppbyggeleg og godt stoff, til nytte for han sjølv og ei glede å gi vidare. Det vil nok ta lang tid å ordne alt stoffet, men førebels er det som finst frå Johannes-evangeliet ordna, lagt i plastlommer og sett i ein perm. Så får vi ta resten etter kvart. I alle fall var dette ei fin gåve å få, eit sterkt vitnemål frå ein kristen mann med eit nært forhold til Bibelen og tekstane der.

Henny Koppen



Utdrag frå Mons M Folven sin handskrivne bibel

Utvik Normisjon

av Agnetha Torheim

Det er kjekt å få presentere Normisjonslaget vårt med nokre ord i "Kyrkjeklokka".

Mange misjonsforeiningar vart skipa tidleg på 1900-talet, men det er få igjen no.

Indremisjonslaget i Utvik vart skipa i 1887 og hadde ved starten 74 menn og 67 kvinner som medlemmar.

I tida 1910 -1933 vart det skrive lite referat frå samlingane, men frå 1933 vart det meir aktivitet i laget. I 1944 vart det danna eit ungdomslag med namnet "Syskenringen", Denne delen av arbeidet i laget varte fram til 1961.

Bygda hadde ikkje bedehus, så samlingane var for det meste rundt i heimane. Før siste krig, 1940-45, vart det sett i gong arbeid med å planlegge bygging av eit bedehus. Krigen sette ein stoppar for arbeidet. Etter krigen vart planane og arbeidet teke opp igjen. Etter 23 års førebuing, starta bygginga i 1960. Huset vart innvigd i 1962. Huset har namnet "Fredly". Til dagleg vert det kalla Misjonshuset. Arbeidet med å

få bygt dette, fortel om trufaste menneske med stor offervilje og misjonsinnsats.

I kring år 2000 vart Indremisjonen og Santalmisjonen slegne saman og fekk namnet Normisjon.

Utvik Indremisjon fekk då namnet Utvik Normisjon. Etter samanslåinga er vi med i arbeid både for indre og ytre misjon.

Laget har gjennom desse 130 åra hatt skiftande tider. No har laget berre 8 medlemmar og treng fornying om arbeidet skal halde fram.

Alle som vil er velkomne til å vere med på samlingar om Guds ord, og kanskje bli medlem.

Vi er glade for å få vere med å løfte misjonsarbeidet fram i bygda vår, og vidare ut til unådde folkeslag.

Møteverksemda med tilreisande talarar har ikkje vore så stor dei siste åra, men medlemmane samlast jamt frå hausten og fram til våren. Alle tek del med opplegget på møta.

Nokre av samlingane kallar vi samtalemøte. Då går vi gjennom preiketeksten for komande

søndag, og avsluttar møta med bøn og offer.

Det har gjennom mange tidlegare år vore lagt ned eit stort og viktig arbeid for barn og unge i bygda, gjennom yngreslag og søndagsskule.

Utvik indremisjon dreiv i tida 1978-2003 barnehage i Misjonshuset.

Arbeid som no er i gang er Utvik barnekor, dei går og gjennom opplegget til søndagsskulen på øvingane sine og "Amigos".

Vi er takksame for dei trufaste medlemmane som leiar dette barne- og ungdomsarbeidet.

Protokollar fortel om årleg basar frå år 1954.

Kvart år arrangerer Barnekoret, Amigos og normisjonslaget juletreffest 5.juledag. Vi trur mange sakna festen jula 2017. På grunn av flaumskadar ute og inne i Misjonshuset kunne vi ikkje lage til fest.

Vi ønskjer framleis å ha eit ope Misjonshus der alle som vil, er velkomne.



"Fredly". Til dagleg vert det kalla Misjonshuset

Barne- og ungdomsarbeidet vårt i Utvik i dag

av Eva C. Kårstad

Både Utvik Barnekor og Utvik Amigos er ein del av Acta- Barn og unge i Normisjon.

Barnekoret starta opp allereie i 1979, under leiing av Edith Kårstad. Opp gjennom åra har dei fleste barna i bygda vore med i koret, i kortare eller lengre periodar. I dag tel koret ni medlem, frå første til femte klasse. Dei møter trufast opp på øving heime hos Edith kvar veke. Rønnaug Olsen og Eva C. Kårstad er med som leiarar. Øvinga er rett etter skuletid, så då smakar det godt med litt mat rundt stovebordet før songen kan bryte laus. Det vert lagt opp til songar med ein tydeleg kristen bodskap, mykje livsglede og bevegelsar. Ungane «står i kø» for å synge solo! I løpet av øvinga er det også ei kort andaktsstund, gjerne med gjennomgang av teksten i Barnas-bladet som koret abonnerar på. Dei fleste opptredenar finn stad i eiga bygd. Koret har ein del meir eller mindre faste oppdrag gjennom året, slik som palmesøndag- og hausttakke-gudsteneste, julekonsert i kyrkja og basar og juletefest på Misjonshuset. Tilbakemeldingar tydar på at kyrkjelyden og bygdefolket generelt set pris på barnekoret sitt!

Utvik Amigos såg dagens lys hausten 2004 og er eit tilbod til barn og unge frå og med femte

klasse. «Amigos» er spansk og tyder «vener». Vi samlast og har det kjekt i lag som vener, og vi blir betre kjende med han som ynskjer å vere ven med alle – Jesus. Gruppa disponerer sitt eige Amigosrom på Misjons-huset, og vi samlast to timar annankvar fredagskveld. I år er det 13 betalande medlem i gruppa. Dei fleste er frå Utvik, men opp gjennom åra har det også vore mange frå Innvik med. Amigosrommet inneheld bordtennis, minibiljard og diverse

andre spel som kan nyttast. Elles vert det lagt opp til ei lita samling med andakt og song, samt tid til leikar og konkurransar. Kvelden rundast av med noko godt å ete. Overnatting er populært, og tur til Vikahytta på Utviksfjellet har etter kvart blitt eit fast innslag haust eller vår. I tillegg samlast gruppa av og til heime hos leiarane eller ute i naturen med til dømes natursti og grilling. Utvik Amigos vert leia av Rønnaug Olsen og Eva C. og Leiv Tore Kårstad.



Utvik Barnekor

Treng du kyrkjeskyss?

Soknerådet i Nedstryn vil organisere skyss for dei som treng det. Dersom du vil vere med på denne ordninga kan du ringe til Henny Koppen 916 01 630 eller Svein Rønne 404 17 268.

Holmely

«ein jordnær plass med open himmel – medvandring, bøn, påfyll, fred»



Normisjon sin einaste retreat-stad ligg som ei perle like i sjøkanten på Bryggja, med vakker utsikt over fjord og holmar – nær skog og fjell.

I over 20 år har Holmely tilbudd dagar med stillhet, oppbyggeleg undervisning, kvile, forbøn og medvandring blant anna gjennom ulike retreatar, undervisningstema og sjelesorg-samtalar. Dei siste åra har vi og hatt eit sterkare fokus på Bøn og tilbeding, med eigne Bøn og lovsongssamlingar og helgar. Vi vil vere eit bønhus, ein kraftstasjon, som kan vere ein ressurs for området. Ta gjerne kontakt ved bønnebehov.

Kvar fredag -utanom skuleferiar- har vi open bønелunsj kl 11.30 – 12.30, i samarbeid med Fjordly leirstad. Vi et ilag, drikk kaffi, deler frå Guds ord, ber for kvarandre og bygdene, regionen og landet vårt. Ta med matpakke og bli med!

Denne våren har vi både songkveldar med Harry Andersen, ein inspirerande songevangelist frå Sunnmøre, Bøn og lovsongssamlingar «Saman for Hans ansikt» i samarbeid med Fjordly, og ein undervisningsdag med Jon Ytrehorn om Kviledagen. I april kjem ein dyktig songevangelist, med namn Roy Johansen for å ha ei inspirasjonshelg med oss.

I juni sett vi av ei heil helg til Bøn, tilbeding og lovsong og i mars og mai har vi to retreatar på huset. Vi gler oss til eit nytt semester på Holmely.

Holmely brukas og til ulike selskap og ferieopphald etter avtale. Sommaren byr på booking for sommargjestar frå inn- og utland.

Ta kontakt om du ynskjer meir info eller les meir på vår nettside eller facebook. www.holmely.no / www.facebook.com/holmely

Eva S Langseth, dagleg leiar, Holmely



Kyrkjelydsbasar i Innvik

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo

Det har vist seg å vere vanskeleg å finne ein søndag der mange har tid til å møte opp på basar. Familieane har det ofte travelt, både i helgane og kvardagane. Difor prøvde vi i år eit -for oss- nytt konsept. Tysdag etter-middag kl. 17.00 starta basaren i Heimlund, med betasuppe m/tilbehør. Ein fin flokk hadde møtt fram, og nokre fleire kom etter kvart. Suppa heldt seg varm lenge, så alle som ville, fekk mat.

Etter eit par omgangar med åresal, var det ein liten pause med kaffi og kaker. Vi hadde rikeleg med mat, så alle fekk ete det dei ville. Så var det to nye omgangar med årar, og til slutt trekking av loddbooka. På mindre enn to timar var heile basaren gjennomført. Bruttoinntekta vart i overkant av 22.000 kroner.

Så veit de det til neste gong. De kan rekke å ete middag -utan

å måtte lage den sjølv-, vere på basar der de støttar ei god sak og kanskje er så heldige at de vinn nokre gevinstar, drikk kaffi/saft og ete kaker, og likevel kome heimatt og få lagt dei minste rett før Dagsrevyen startar.



Skattekista som Eli hadde med seg til Søndags-skulens dag

Stadnamn i Nordsida sokn

Det som i dag utgjør Seniorgruppa i Nordsida sokn har i ei årrekke arbeidd med nedteikning av munnlege overføringar frå tidlegare generasjonar. I år 2005 kom heftet «Gamle ord og uttrykk frå Nordsida», og i 2006 kom oppfylginga i form av hefte nr. II. I 2008 kom så heftet «Hendingar og humor på Nordsida».

I 2009 vedtok Seniorgruppa å samle inn og kartfeste ulike -primært gamle- stadnamn i kyrkjesoknet, og då med sikte på å gjere resultatet tilgjengeleg for alle interesserte.

Det vart teke kontakt med Fylkesarkivet i S&Fj, og vi fekk tilsendt -og betalte for- aktuelle kartblad der arkivet si samling av stadnamn frå våre område

var nedteikna. Dette har vi fått løyve til å nytte i vårt prosjekt, og vi takkar for den velviljen som såleis vart vist oss.

Dette materialet var tidlegare innsamla av interesserte personar i soknet og kom no til nytte som «startkapital» i det nye prosjektet.

Det vart sett ned ei lokal arbeidsgruppe som supplerte det tilsende materialet med fleire hundre namn, slik at det no nærmar seg 3500 stadnamn frå garden Sætren i aust til Nos i vest, og det vart engasjert dataekspertise for utforming av program.

Av ulike grunnar tok det lang tid før prosjektet kom på lufta, men når dette vert lese i «Kyrkjeklokka», så er stad-

Klikk deg inn på
www.stadnamn.info
og fylg rettleiinga.
Ta kontakt via
post@stadnamn.info

namna tilgjengelege på nettet.

Når det gjeld skrivemåten på stadnamna er det nytta ei folkeleg dialektform utan å føreta vitskaplege studiar.

Soknerådet har etablert ei styringsgruppe, bestående av Svein Arild Bergset, Henny Fjellkårstad og Kolbjørn Roset. Dei skal ha ansvar for vedlikehald og vidareføring av prosjektet, og på web-sida finn du korleis du kan kome i kontakt med gruppa.

Så ynskjer vi alle ei god reise gjennom stadnamnjungelen!

Med helsing frå arbeidsgruppa
Alv O. Bergset

Søndagsskulens dag i Innvik

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Mange både små og store møtte fram på Søndagsskulens dag i Innvik første søndagen i februar. Utvik Barnekor gledde oss med song, Beate Nes var liturg, og vi hadde besøk av søndagsskulekonsulent Eli Sofie Hatlen, som preika til oss. Ho hadde med seg ei skattekiste, som inneheldt ei potte

med jord, ein pose frø, og ein visna plante. Det symboliserte at eit lite frø kan bli til noko stort når det blir planta, og at ein visna plante treng vatn for å overleve. Etter preika var det tid for å rusle rundt i kyrkja til ulike stasjonar, der ein kunne skrive bønnelappar og henge dei på ei grein. Vi kunne og forsyne oss

med fastebøsse og brosjyrar, gå fram og gje pengar i offerskåla til søndagsskulen eller ta med oss ein lapp med velsigninga på.

Etterpå var det kaffi, saft og bollar. Det vart ei fin og kjekk gudsteneste.



Utvik Barnekor - redusert på grunn av sjukdom - song fint til oss



Søndagsskulekonsulent Eli Sofie Hatlen preika

Raus gåve til Loen kyrkjelyd

av Henny Koppen



Sivert S. Nesdal

Samuel K J Nesdal er son av Sivert Salveson Nesdal, som i fleire år var misjonær på Madagaskar. Under flytting sist haust dukka det opp eit spesielt minne frå denne tida, - eit nattverdsett, det som Sivert Nesdal hadde hatt med seg ved sine reiser og husbesøk på Madagaskar. Presten som no reiser med nattverd på heimebesøk, i soknebod som det heiter, har med seg ein heil koffert, fylt med det som trengst ved nattverden; fleire små og eitt litt større vinbeger (kalkar), eit skrin og eit fat til oblatar, lys, lysestake og ei alterbok. Vinflaska er der ikkje plass til.

Nesdal hadde med seg eit lite etui, forma som ein sylinder, 18 cm langt og med ein diameter på 8 cm. Her var det plass til ein kalk, ei fint utforma flaske til vin, eit lite sølvfat (ein disk) til å legge oblatane på, og eit skrin til oblatar. Då denne skatten vart funnen, låg 11 oblatar framleis i skrinet. Desse var utan det velkjende biletet av Jesus på krossen, så dei kjem

nok frå ei anna tid og ein annan kultur enn vår.

Tidlegare var det heilt vanleg at alle drakk vin av det same begeret, så Nesdal hadde ikkje bruk for meir utstyr til ein enkel nattverd.

Ved eit hyggeleg besøk hos Samuel og Dagmar Nesdal, fekk soknepresten overrekt dette nattverdssettet som ei gåve til Loen kyrkjelyd, og vart invitert til å

ta det med i soknebod. Det skal nok skje, men då blir det særkalkar med i tillegg. Felleskalk er ikkje anbefalt i våre dagar.

Loen sokneråd vil ta stilling til kva som skal skje med nattverdsettet, og etter kvart vil det kanskje bli å sjå i ein monter i kyrkja. I mellomtida kan de studere biletet her i Kyrkjeklokka, eller så kan de sjølvsagt be om soknebod.



Sivert S. Nesdal sitt nattverdssett som er gjeve som gåve til Loen kyrkjelyd



Etui til nattverdssettet

Anleggsgartnar og kyrkjegardsarbeidar Geir-Ståle Vatnamo har blitt pensjonist

av Knut S. Gald



Geir-Ståle Vatnamo



Diplom utdelt i 2006 av Hageselskapet Sogn og Fjordane til Utvik kyrkjegard i Stryn kommune for vakraste uteanlegg. Teikninga av S. Sørbotten viser Fylkesblomsten Revebjølla "Digitalis purpurea"

Geir-Ståle Vatnamo starta i jobben som kyrkjegardsarbeidar i Stryn kyrkjelege fellesråd i april 2001. Han har primært hatt ansvaret for alt praktisk ute og inne i Innvik og Utvik. Dei siste åra har han også hatt ein del oppgåver på alle dei andre kyrkjegardane. Som anleggsgartnar har han i tillegg hatt fagleg ansvar for den grøne sektoren på alle kyrkjegardane i Indre Nordfjord

Geir-Ståle seier at han har stortrivdest i arbeidet sitt. I denne jobben kjem ein i kontakt med folk frå vogge til grav. Det har vore gjevande å møte folk i alle situasjonar. Noko av det kjekkaste var å få Hageselskapet sin pris for Vakraste Uteanlegg i Utvik i 2006. Han har og sett stor pris på å stelle gravene til folk som har avtale om gravstell.

Som pensjonist har han rikeleg å gjere i hus og hage heime. Han likar godt å vere på hytta han og kona Anna Marie har. Han har heller ikkje kutta heilt ut sin gamle arbeidsplass, så han har lova å vikariere som kyrkjetenar ved behov (også kalla Kirkens Nødhjelp).

Stavanger-guten, som etterkvart gjorde Nordfjording av seg då han kom til Innvik, kom frå jobb som kommunegartnar i Florø. Før den tid hadde han ulike jobbar på sør- og austlandet, den lengste perioden som bestyrar på ein leirstad eigd av Misjonssambandet.



Utvik kyrkje og kyrkjegard

Glimt frå trusopplæringa

av Beate Nes

Det skjer heile tida kjekke ting i trusopplæringa.

Kvar veke er det ein gjeng små born, som saman med mamma eller nokre gonger pappa eller besteforeldre, samlast for å synge, danse og leike på baby-song på Betania i Stryn. Beate og Galya er med som leiarar der og vil gjerne ha med som er heime med baby.

Av andre ting som har skjedd sidan sist kyrkjelokka kom ut kan nemnast Lys Vaken i Loen, Nedstryn og Nordsida. 5. og 6. klassingar på overnatting i kyrkja.

Førsteklassesklubb med bolle-baking, fokus på skjærtorsdag og nattverd, og på korleis bli ein superhelt som hjelper andre, og forandrar verda. Denne gongen var det samling i Hornindal, Olden og Nedstryn.

Karnevalsgudsteneste i Hornindal og Nordsida og søndagskulens dag med Sprell levande gudsteneste i Innvik.

Born frå heile indre Nordfjord er velkomen til det som skjer. Også når det ikkje skjer i eiga kyrkje. På programmet for våren står mellom anna Tårnagentsamling og familiedag ved Sagedammen.



1. classesklubb Olden. Påskefortelling



Søndagsskulekonsulent Eli Sofie Hatlen




Utvik Barnekor



1. klasseklubb bolle-baking og spising



Lys Vaken Loen



Bønevandring



Trusopplæringsplan våren 2018

Kva skjer	Dato og stad
Søndagskulens familiedag m/ Sårsklubb	04.02 Innvik kyrkje
Førsteklassesklubb	07.02 Hornindal 14.02 Olden 28.02 Nedstryn
Karnevalgudsteneste m/Sårsklubb	28.01 Nordsida kyrkje kl. 11 11.02 Hornindal kyrkje kl. 11
Vintertreff i Stryn	09.-11.02 Stryn kulturhus
Tårnagent	03.-04.03 Oppstryn 10.-11.03 Nedstryn og Innvik 17.-18.03 Randabygd 20.03 i alle bygdene
Fasteaksjon Kirkens Nødhjelp	
«Du tek meg i mot» Konfirmantmusikal om Nåde.	29.4 i Stryn kulturhus
Trusopplæringsdag Sagedammen	01.05 For alle barnefamilier, 2. klassingane spesielt invitert.
Hand i hand i guds rike Familiesamling	Tidlig i juni 2 åringane spesielt invitert

Babysong

Tysdagar
kl 10.30
i Betania



facebook

Følg kyrkja i Indre Nordfjord på
facebook.com/strynkyrkja

Grøn side Klimafakta og miljøtips
 Ansvarleg for "Grøn side": Jon Ytrehorn

Finn Wagle: Om å plante et tre – Del I

På Besteforeldreaksjonen sitt landsmøte, 23. september 2017 hadde biskop emeritus Finn Wagle eit tankevekkjande foredrag som gjorde inntrykk på dei som var til stades. Finn Wagle var biskop i Nidaros frå 1991-2008 og var ein av stiftarane av Besteforeldreaksjonen i Trondheim. Han har vore så venleg og gjeve samtykkje til at foredraget blir trykt i Kyrkjeklokka. Her følgjer fyrste del.

La meg begynne med følgende sitat: *En utenforstående som studerte vår verden, ville undres over en slik atferd, som iblant virker suicidal. Det er pave Frans som hevder dette i sitt brev «Laudato si – Lovet være du, Herre», med undertittel: «Om omsorgen for vårt felles hjem».* Jeg tror at mange vil være enig med paven. Vår måte å leve på, inneholder klare suicidale trekk. Som paven ønsker Besteforeldreaksjonen og andre klimaengasjerte ikke bare å konstatere dette, men å gjøre noe med det. Og da ikke bare som et problem som må løses, men som et gledens mysterium som vi skal betrakte med «glad lovsang», for igjen å sitere pave Frans. Forfatteren Paulo Coelho tillegges følgende sitat hvor han er inne på liknende tanker: Vi hadde vendt oss til livets mysterium, og tilla det ikke lenger noen vekt.

Å plante et tre

I høst var det 500 år siden Luther slo opp sine berømte teser på slottskirkedøren i Wittenberg, den handling som skulle vise seg å representere starten på reformasjonen, med følger for hele Europa,

både statlig og religiøs. Jeg har funnet frem til følgende sitat som tillegges Luther: *Visste jeg at verdens undergang inntreffer i morgen, så ville jeg i dag gå ut og plante et tre. Dette er et håpsutsagn, ikke for det hinsidige, men med tanke på livet her og nå!*

Besteforeldreaksjonen er en håpsbevegelse, sterkt i slekt med et slikt utsagn: Visste jeg at verdens undergang inntreffer i morgen, så ville jeg i dag gå ut og plante et tre. Med naturens helse står og faller vår overlevelse som individer, som art og som kultur. I dag er naturens helse preget av mange sykdomstegn, forårsaket først og fremst av økologiske fotavtrykk som mennesket setter, grunnet uforstand og grådighet. Her er Besteforeldreaksjonen blant dem som ønsker å utgjøre en motkultur, sammen med alle krefter av god vilje, slik paven uttrykker det.

En pessimistisk stemme

Det finnes de som ser på verdens undergang som en nødvendig følge av vitenskapens såkalte fornuftstro, og som tror at undergangen er uunngåelig. Til disse hører den kjente finske filosofen Georg von Wright. Hans tese er at det med naturvitenskapens revolusjon på 1700-tallet ble etablert en motsetning mellom vitenskapens rasjonalistiske verdensbilde og den organiske naturen. Denne motsetning ble fordypet, da naturvitenskap og teknikk inngikk en allianse i det industri-



Bilete henta frå www.kirken.no, CC BY 2.5, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=1857101>

Finn Wagle, Født 19. juni 1941 i Oslo, norsk teolog og prest, cand. theol. 1968. Sogneprest i Sørreisa 1970–75, lektor ved Menighetsfakultetets praktisk-teologiske seminar 1975–81, styrar ved Institutt for Kristen Oppseding 1981–88, domprost i Nidaros 1988–91. Biskop i Nidaros 1991–2008. Den norske kirkes preses 2002–2006.

aliserte samfunnet. Vitenskap og teknikk fører krig mot naturen, sier von Wright, og mennesket har lite å innvende, fordi det får tilfredsstilt stadig flere av sine ønsker.

Von Wright nærer en dyp mistro til vestens industrielle samfunnssystemes evne til å møte den ødeleggelse av naturen som man er i full gang med. Som pessimistiske filosofer også tidligere, ser han menneskeheten på vei mot sin egen undergang. Han sammenlikner menneskeheten med en biologisk organisme, angrepet av uhelbredelig kreft, eller som et uendelig tog av lemen på vei utfor stupet. Mennesket er unikt i den forstand, at det helt nylig, kanskje så sent som for 10 000 år siden, bevisst begynte å endre sine egne livsvilkår, etter millioner av år med forhistorie. Fra å motta sitt liv som skjenket eksistens, plasserte det seg selv i Guds sted. Og så sier von Wright, med Darwin som klangbunn: *Menneskehetens utvikling mot undergangen er i virkelighe-*

ten ikke mye å sørge over. I den store evolusjonen er jo mennesket bare en art blant andre. Om vi overlever eller ikke, er ikke mye å bry seg om.

Nærhetsoverskridende ansvarsetikk

Slik kan ikke klimaengasjerte tenke. I en tid som vår, er vi kalt til å være et håpsteget! Her hører også allsangen hjemme, sammen med skaperverkets egen sang, både lovsangen og klagesangen – og lengselen. I denne sammenheng passer det også å hente frem pietismens store salmedikter, Brorson:

Opp alle ting som Gud har gjort, hans herlighet å prise!

Det minste han har skapt er stort og kan hans allmakt vise.

Men hva er et naturvennlig liv og et naturvennlig engasjement i en tid som vår, med våre grense-sprengende teknologiske muligheter, med genteknologi og med globale økonomiske aktører, hvor spekulasjon og økonomisk gevinst har prioritert, mens helhetstenkning og effektene for miljøet og menneskets verdighet blir ignorert?

La meg nærme meg spørsmålet sammen med den frem-tredende tysk-amerikanske filosof, Hans Jonas. Jonas tar utgangspunkt i at vår tid på avgjørende punkter er forskjellig fra tidligere epoker i menneskehetens historie, fordi de fundamentale rammebetingelser for livet er endret, med den utrygghet som disse nye rammebetingelser skaper. Stikkordene her er genteknologi, klimaendringer, global fattigdom og sult.

Jonas gjør ikke som von Wright og sier at vår utvikling mot undergangen er uunngå-

elig og ikke mye å bry seg om. Tvert imot sier han: *Vår tid trenger en ny etikk, preget av livets nye rammebetingelser.* Den etikk som har preget menneskeheten inntil denne dag, kaller han for nærhetsetikk. Den finnes uttrykt på ulikt vis i alle kulturer. Jesus sier det slik i Den gylne regel: *Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, det skal dere gjøre mot dem.* Jonas hevder at denne nærhetsetikken i dag må suppleres med en etikk som handler om mennesket «avstandsansvar», så vel i tid, (generasjonene som kommer etter oss), som i rom, (det globale perspektivet).

Vårt samfunn er i fundamental endring, ikke minst på grunn av helt nye teknologiske muligheter og dermed også nye dilemmaer. Disse muligheter og dilemmaer gjør at vår tid er preget av usikkerhet og utrygghet med hensyn til hva alt det nye vil bringe med seg. Det er denne usikkerheten Hans Jonas vil møte med «nærhetsoverskridende ansvarsetikk», med et nytt kategorisk imperativ, næret av plikten for å frykte det usikre: Handle slik at virkningene av din handling er forenlig med et permanent ekte liv på jordkloden.

Grønn, men ikke for grønn

Det er et imperativ som trefter oss alle, men som vi må si har dårlige vekstvilkår i samfunnet vårt, noe ikke minst det siste stortingsvalget viste. Vi vil nok være grønne, men ikke for grønne. Selv om den økologiske sensibiliteten har økt, så er det ikke nok til å endre skadelige forbruksvaner. De later snarere til å øke enn å avta, næret av markeder på jakt etter umiddel-

bar profit.

Men samfunnet vårt næres også av en grunnleggende tenkning om betydningen av materiell vekst. Derfor oppstår det store kriser, når veksten stopper opp. I krisetider oppfordres vi til å handle mer, og gjerne varer og tjenester vi ikke trenger. Vi må ha økonomisk vekst, nærmest for systemets egen skyld.

Den slags overordnet tenkning som preger også det siste statsbudsjettet som så mange ganger før. Man vil nok hevde at det er et budsjett preget av bærekraftig vekst. Men slik verden har utviklet seg, gir det ikke lenger mening å snakke om bærekraftig vekst. Vi må snakke om bærekraftig tilbaketrekning. Og vi må etterlyse statsbudsjetter preget av økonomisk bærekraftig tilbaketrekning. Bare det kan på sikt redde oss fra undergangen.

Og så må vi istedenfor etterlyse budsjetter som ikke ensidig er opptatt av økonomi, men av samliv og forsoning mellom menneske og natur. Tenk om vi, parallelt med at statsbudsjettet legges frem, fikk presentert et budsjett som viser hvordan forholdet mellom mennesket og natur skal tilrettelegges i kommende stortingsperiode? Kunne vi tenke oss et budsjett hvor naturens egenverdi tillegges vekt, ja noen ganger hovedvekt? Hva med utryddingstruede arter? Hva med jordvern og nedbygging av dyrket mark? Hva med havets ressurser? Går det an å tenke seg et budsjett med bærekraftig tilbaketrekning på landets hovedflyplass som målsetting?

QUIZ for store og små i familien om Påskeforteljinga i Bibelen

Merk:

- 1: Nokre spørsmål har 3 svarforslag. Set ring kring det du trur er rett.
- 2: Andre spørsmål er utan svar. Skriv svaret ditt på linja:
- 3: Gjer deg ferdig med alle spørsmåla før du ser på side 28
Der finn du dei rette svara.

- 1: Kva heitte landshovdingen som dømde Jesus til døden? Kvirinius Josefus Pilatus
- 2: I påskeveka har vi fleire helgedagar. Den første er Palmesøndag. Dei tre neste helgedagane er?
- 3: Kva for eit dyr reid Jesus på inn i Jerusalem? Hest Esel Kamel
- 4: Borna kasta blad og greiner ut i vegen då Jesus kom ridande. Kva slags tre reiv dei greiner frå?
- 5: På tempelplassen ropa borna Hosianna ("Hurra!")
Slik viste dei at dei var glade i Jesus. Fariserane bad Jesus om å hysje og jage vekk borna. Jesus ville slettes ikkje gjere det. Kvifor?
(Tips: Les Matteusevang, kap 21 og v. 12-17)
- 6: Kva kveld innstifta Jesus nattverden?
- 7: Kva heitte hagen der Jesus bad tre av læresveinane bli med og vere hos han i bøn? Urtehagen Getsemane Emmaus
- 8: Midt i det norske flagget er ein kross. Nokre andre land har også flagg med kross. Skriv tre av dei landa:

Har du svart på alle spørsmåla? Slå opp side 28 - og sjå kor mange rette svar du gav

=====

Til slutt: Eit spørsmål å samtale om:

- 9: På krossen Langfredag sa Jesus: "Det er fullført!"
Samtal med kvarandre heime om kva de trur Jesus meinte med desse orda.

Samtaler på Kyrkjeloftet - Nordsida kyrkje

Hausten 2017 starta vi med eit opplegg vi har kalla Samtaler på Kyrkjeloftet. Første møte var i september, og då planla vi møte-tidspunkt og tema. Vi vil gjerne ha eit treff i månaden haust- og vår-semester, ein torsdag kl 19:30.

Tema på møta i haust var

Glede og Bruk av GT i kyrkja. Om GT innleia soknepresten. I januar i år hadde vi tema : Skapt i Guds bilete. Torsdag 15. mars kl 19:30 blir det om Nåde. Då kjem Olaf Sigurd Gundersen og då samlast vi i møtesalen. Velkomen !

Framover har vi planlagt desse torsdagane: 15. mars, 19. april og 24. mai.
Torsdag 15. mars kl 19:30 blir det om Nåde. Då kjem Olaf Sigurd Gundersen.



av Gunnhild Bergset

Når heile verda syng mot Gud

T: Edvard Hoem

M: Henning Sommerro

NoS 2013 Nr. 304

1 Når heile verda syng mot Gud,
da gryr den nye dag.

Vi møter morgonen i lag
vi stig av søvnen ut.

Dei mørke vatna opnar seg
der Herrens Ande sviv.

På Herrens ord kjem lys og liv.
Halleluja, halleluja, halleluja!

3 Når heile verda syng mot Gud
set nye vokstrar frø,
og kornet veks med smak av brød,
til nektar renn frå sky.

Ti tusen slag ber grøde fram,
no mognar frukt og bær.

Det er den tredje skapingsdag!
Halleluja, halleluja, halleluja!

5 Da stig det fisk der havbrot ryk,
og kval med sporden slår,
og fugl på vide venger fyk
dit dagens grenser går.

Dei svevar over hav og jord,
dei skrik og parrar seg.

Det er den femte skapingsdag!
Halleluja, halleluja, halleluja!

6 Ein skugge flyktar gjennom skog,
og villdyr skifter ham.

Da stig ei kvinne og ein mann
i Herrens likning fram.

Og mannen leitar og finn svar
i hennar andletsdrag.

Det er den sjette skapingsdag!
Halleluja, halleluja, halleluja!

7 Og mennesket skal sjå seg sjølv
blant alle skapte slag

Og Herren ser sitt store verk
og held ein kviledag.

Når mennesket er skapt på ny
stig jubelen mot sky!

Og heile verda syng mot Gud:
Halleluja, halleluja, halleluja!



Musikken startar, barne-
gospel går innover kyrkjegolv
i sine mangfaldige kostymer.
Eller stopp litt,- går dei? Her
kjem to spretne jenter i teten
og dei slær hjul! Dette er ikkje
hjulegudsteneste, men karne-
valsgudsteneste. Dei tre barne-
gospelleiarane er utkledd som
røvarar. Sleppt ut på prøve. Det
er vi glade for! Kateketen, Beate,
har skilt som varslar fare for sau.
Det er ho som er hyrdingen i
dag. Trusopplæraren vår, Guro,
er prinsesse.

Så ljomar gledessongen frå eit
barnegospel i alle fasongar. Og
gleda held fram. Gjennom song
og utdeling av dåpsdagsgåver
til dei minste i rekka. Gjennom
ordet, som starta som eit lite
frø og vaks seg stort og gav

tusen foll. Slik den glade bod-
skapen har spreidd seg utover
jorda gjennom desse 2000 åra.

Etter gudstenesta var det
samling for born og foreldre i
kjellaren med program. Piñata,
kaker og bollar. Og oppe sat dei
som er litt lenger komne i livet
og prata om det som skjedde
før og om det som skjer no og
som vi gledar oss storleg over:
at borna blir tekne på alvor og
får lov å prege kyrkja. Takk til
Beate som tok initiativet til
denne forma for gudsteneste i
Nordsida kyrkje. Takk til alle
andre som deltok og takk til alle
som kom og var med. Både dei
som «ikkje har fått vit enno» og
hadde kledd seg ut, og alle andre
som kjem som de er.



Bladpengar

Vi minner om bladpengar for
2018.

Stor takk til alle gjevarar!

Vi tilrår kr 450, men kvar og
ein kan sjølv velje beløp.

Konto for innbetaling av bladpengar
0538 18 51054

Kyrkjekokka Bladlag
Rindane 6788 Olden



Vi les

Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjelokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Den tomme grava

Det var tidleg om morgonen første dagen i veka. Det var endå mørkt då Maria Magdalena kom til grava. Dei hadde halde seg i ro under sabbaten, slik lova kravde. Men no var ho her igjen.

Ho kunne ikkje halde seg borte. Ho, og fleire av dei andre kvinnene som følgde Jesus, hadde stått ved Golgata då Jesus døyde. Dei hadde følgt med då den rike mannen Josef frå Arimatea tok Jesu kropp, sveipte han i eit reint linklede og la han i den nye grava han hadde hogge ut til seg sjølv i bergveggen. Ho og den andre Maria sat beint framfor grava då dei rulla ein stor stein framfor gravopninga. Men så måtte dei altså gå heim på grunn av sabbaten.

Men tidlig søndags morgon var ho på plass igjen. Det første ho såg då ho kom til grava var at steinen var teken bort frå grava. Ho hadde snudd og sprunge av stad til Simon Peter og Johannes og sagt det til dei: «Dei har teke Herren ut av grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.» Det hadde vore panikk i stemma hennar. Så dei tok ut og kom til grava. Dei sprang saman, Johannes sprang fortare enn Peter og kom først til grava. Han bøygde seg inn og såg linkleda som låg der, men han gjekk ikkje inn i grava. Simon Peter følgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, og duken som Jesus hadde hatt over

hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, men samanrulla på ein stad for seg. Då gjekk Johannes òg inn. Han såg og trudde. Så gjekk læresveinane heim for å fortelje dei andre om det dei hadde sett.

Men Maria stod utanfor ved grava og gret. Då ho, med auge- ne fulle av tårer, bøygde seg fram og såg inn i grava, fekk ho auge på to kvitkledde englar som sat der Jesu kropp hadde lege. Ein ved hovudet og ein ved føtene. «Kvifor græt du, kvinne?» spurde dei. Ho svara: «Dei har teke bort Herren min, og eg veit ikkje kvar dei har lagt han.» Då ho hadde sagt dette, snudde ho seg og såg Jesus stå der; men ho skjøna ikkje at det var han. «Kvifor græt du, kvinne?» spør Jesus. «Kven leitar du etter?»

Maria Magdalena tenkte det var gartnaren, og sa til han: «Herre,

er det du som har teke han bort, så sei meg kvar du har lagt han, så eg kan ta han med meg.» Ein augneblink var det heilt stille, før han kallar henne ved namn.

«Maria!» Høyrer ho den kjende stemma seie, og snur seg til han, ser inn i dei gode augene og seier på hebraisk: «Rabbuni» – det tyder meister. Jesus ser på henne med kjærleik i blikket, og seier til henne: «Rør meg ikkje, for enno har eg ikkje stige opp til Far. Men gå til brørne mine og sei til dei at eg fer opp til min Far og dykkar Far, til min Gud og dykkar Gud.»

Då gjekk Maria Magdalena, først sakte, det var som om ho måtte fordøye det ho nettopp hadde opplevd, men så sprang ho til læresveinane og sa til dei: «Eg har sett Herren!» Og ho fortalde dei alt det han hadde sagt til henne.



Svar på spørsmåla i Quizen side 26.

- 1: Pilatus
- 2: Skjærtorsdag - Langfredag
- 1. påskedag
- 3: Esel
- 4: Palmetrea
- 5: Jesus var veldig glad i borna og ville at dei skulle glede seg i lag med han.
- 6: Skjærtorsdag
- 7: Getsemane
- 8: Sverige, Danmark, Finland, Island og Storbritannia m.a.

Liv og glede i Nordsida kyrkje

fortset frå side 27



Maria Magdalena – Jesu virke

I to år på rad har Sogn og Fjordane Teater vist «Miriam si forteljing – Juleevangeliet» i kyrkjer rundt omkring i fylket. No kjem «Maria Magdalena – Jesu virke», nummer to i trilogien om Jesus. Håvard Rem står bak teksten, Marit Østbye har regien og vi får følgje den einlege stemma til Reidun Melvær Berge i denne monologen.

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortalt gjennom kvinnene rundt han. I «Jesu virke» er ordet gitt til Maria, ho som hadde tilnamnet Magdalena og «som sju vonde ånder hadde fart ut av». Ho fortel at Jesus redda henne frå galskap og prostitusjon, og at ho hadde eit nært forhold til han. Ho var kollega, ven og kvinne.

Det er natta før palmesøndag, og natta før Jesus og følget hans togar inn i Jerusalem. Maria Magdalena

fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå han vart døpt av døyparen Johannes og om påskeveka. Gjennom Maria kjem vi nærare Jesus, men òg nærare eit historisk faktum som ofte hamnar i skuggen. I følget til Jesus var det fleire kvinner, mange av dei redda frå vonde ånder og sjukdom. Dei hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet saman med disiplane, og dei risikerte livet ved å reise rundt og misjonere.

Forfattar Håvard Rem ønskjer at publikum skal sjå på historia med dagens auge: «Det vi i dag forstår som traume og psykiatri, blei den gongen sett på som vonde ånder. For meg som vaks opp i pinsemisjonen, er ikkje det så fjernt. På 60- og 70-talet dreiv dei framleis på med demonutdriving, og av ein eller annan grunn var det ofte kvinnene som var gjenstand for utdrivinga.»

av

Håvard Rem

omsetjing

Asbjørg Lotsberg

regi

Marit Østbye

lysdesign

Krystian Myska

medverkande

Reidun Melvær Berge

Billetter: www.softeater.no



For meir informasjon sjå Facebooksida til Sogn og Fjordane Teater. Her vert det oppretta arrangement på alle framsyningane, og vi fyller på med informasjon her fram til framsyningsdagen.



Foto: Oddleiv Apneseth

- 16. mars kl 19.00 Florø kirke Premiere
- 17. mars kl 18.00 Førde kyrkje
- 19. mars kl 18.00 Årdal kyrkje
- 20. mars kl 19.00 Gaupne kyrkje
- 21. mars kl 19.00 Nedstryn kyrkje**
- 22. mars kl 19.00 Vik kyrkje
- 23. mars kl 19.00 Leikanger kyrkje
- 24. mars kl 18.00 Vevring kyrkje
- 25. mars kl 18.30 Solund kyrkje



Acta – barn og unge i Normisjon

vår- og påskeleirar

Acta – barn og unge i Normisjon startar leiråret 2018 med vår- og påskeleirar på Fjordly (Bryggja) og på Teigen (Eikefjord). Og fortset med leirar utover sommaren og hausten. Å reise på leir inneber å overnatte heimanfrå, å bli kjend med nye menneske – både på sin eigen alder og med flotte leiarar, å finne på mykje kjekt saman, samt å få høyre meir om Jesus. Alt dette gjer at vi lærer noko nytt og får oppleve noko unikt – eit skikkelig leireventyr!

Vi tilbyr mange spennande aktivitetar og samlingar. Vi kan mellom anna nemne båtliv, fotball, volleyball, kubbe, evt. snøaktivitetar, god mat, bibelstunder, kveldssamlingar framføre peisen eller bålet, underhaldning og mykje meir! På leir er det mange menneske i sving for at deltakarane skal få ei super oppleving. Som leiarar er det med ungdommar og vaksne som brenn for at deltakarane skal ha det bra og få eit eventyr av beste sort. *Finn ein leir som passar for deg og bli med, då vel!*



Vårleirar
 23.-26. mars: Tenleir, Fjordly (8.kl.-18 år)
 13.-15. april: Tweenleir Teigen (5.-8.klasse)
 28. april: Årsmøte for Acta og Normisjon, Nordfjord Folkehøgskule

Sommarleirar

Teigen:
 Amigosleir 22.-24. juni (1.-4. klasse)
 Tweenleir 28.juni- 1. juli (5.-8. klasse)

Fjordly:
 Minileir 22.-24. juni (4 år- 3.kl m.følgje)
 Tweenleir 28.juni – 1.juli (4.-7. klasse)
 Famileleir 27.-29. juli
 Tenleir 6.-10. august (ungd.skule og vgs)



Meir informasjon og påmelding
www.normisjon.no/sof
 eller mail og tlf. acta.
sof@normisjon.no,
 57866349

Min salme

av Siv Guddal Flo



Jag har hørt om en stad

Jag har hørt om en stad ovan molnen,
ovan jordiska, dimhöljda länder.
Jag har hørt om dess solljusa stränder,
och en gång, tenk en gång er jag där.
Halleluja! jag høgt måste sjunga.

Halleluja! Jag går til den staden.
Om än stegen er trötta och tunga,
ber det uppåt og hemåt ändå.

Jag har hørt om et land utan tårar,
utan sorg, utan nød utan strider,
och där ingen av sjukdom mer lider.
Och en gång, tänk en gång er jag där.
Halleluja! Der fröjdas vi alla.
Halleluja! vart tvivel forsvunnit.
Aldrig mer skall jag stappla och falla,
jag er framme ja hemma hos Gud.

Jag har hørt om den snøvita dräkten -
och om glansen av gyllede kronor.
Jag har hørt om den himmelska släkten,
och en gong, tänk en gång er jag där.
Hallejua! Jag fröjdas i anden,
jag kan høra den himmelska sången,
och det sliter i jordiska banden,
ty jag vet, jag skall snart , jag skall snart vara där.

Eg har teke imot utfordringa til å skrive om ein salme som har ei spesiell betydning for meg. Den eg har plukka ut er «Jag har hørt om en stad» Dette er ikkje egentlig en salme, men ei skilingsvis med kristent preg, frå Sverige. Den er skreven rundt 1890, og spredt som skillingstrykk. Melodien er en gammel russisk folketone.

Eg er oppvoksen i ein familie der sang og musikk har vore ein viktig del i kvardagen. Sidan far jobba som sjåfør fekk vi tidleg bil, og var ofte på søndagsturar. Turane gjekk rundt omkring til alle krikar og krokar i kommuna som det gjekk an å kome med bil. Og på desse turane var song eit viktig innslag. Vi song mange forskjellige sanger, og den eg har valgt her var ein av dei som vi oftast song. Sangane vart stortsett sunge fleirstemt, vi ungane song melodistemma, mor song alt, og far sang tenor. På midten av 1970 tallet fekk vi oss hamondorgel heime, og då vart det musikk til songen og. Det var bror min som trakterte både orgelet og trekkspile.

Då far gjekk bort den 31.10.2015, og vi skulle plukke ut salmar til hefte ved begravelsen, vart dette ein salme som for oss var heilt naturleg å ha med. Så etter denne dagen har «Jag har hørt om en stad» fått endå meir betydning for meg.

Så dette er ein song som eg høyrer på ofte, og når eg høyrer denne kjem minna frå dei flotte søndagsturane vi hadde i barndommen, og alle dei gode minnene eg har om far.

Eg sender denne utfordringa vidare til Eli Støve Eikenes

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Anger, oppgjer og tilgjeving

Vi er komne inn i eit nytt år. Vi har bore fram ønske om at det nye året må bli godt og velsigna. I "Kyrkjeklokka" føre jul skreiv eg litt om samvitet. Denne gongen tek eg fram tre hendingar om anger, oppgjer og tilgjeving, som eg las om siste året.

Det første skjedde i år 1948. I den tida leika gutane ofte med å skyte på blink med heimelaga sprettertar. Ein 13-åring skulle prøveskyte eit nytt våpen. Han budde nær eit kapell. Spretterten fungerte dårleg, så steinen trefte eit glas i kapellet, og der vart eit hol i ruta. Han torde ikkje å seie ifrå. Men han har tenkt på holet i mange år. Det er snart 70 år sidan. Lenge var holet der, men så vart ruta skifta ut, men såret i samvitet var der framleis. I vaksen alder vart han oberstløytnant og flytta til ein annan stad i landet. Når han har vore tilbake til barndomsheimen, har han alltid kikka opp på glaset. På kyrkjegarden har han også graver som høyrer til familien, og inne i kapellet hadde han lagt merke til at preikestolen ikkje hadde klede.

Som 81-åring bestemte han seg for å gjere opp for holet i kapellglaset. Han gjekk til ein lokal kunstnar og spurde om ho kunne veve eit preikestol klede. Det laut sjølvstekt godkjennast. Så gjekk han vidare til preste-kontoret og fortalde for første gong om bomskotet, og om

korleis han no ville gjere oppfor seg. Då alt dette var gjort, sa han: "For meg er det ei god kjensle å ha gjort opp. Eg føler liksom at no er det unnagjort".

Den andre hendinga var i eit vakkert fjellområde. Presten og kona var på biltur. Så kom dei til ein bom som ikkje ville ta imot pengar og heller ikkje opne seg. Ein annan bil kom køyrande, og den hadde passeringkort. Presten køyrde etter før bommen let seg att. Det dårlege samvitet melde seg straks, og det øydela både naturoppleving og turglede. På veg tilbake bestemte ekteparet seg for å snakke med ein fastbuande for å finne ut korleis dei kunne gjere opp for seg. Ved eit hus stod ein mann i ein stige. Han heldt på med reparasjon av huset. Presten fortalde kven han var og om bommen. Han sa også at han kunne ikkje leve med dårleg samvit. Snikkaren rette då høgrehanda si ned mot han og sa: "Prest du er tilgjeven." "Amen," sa presten og gjekk tilbake til bilen.

Den tredje hendinga gjekk føre seg i eit fengsel. I 21 år har han vore prest for drapsmenn, voldtaktsforbrytarar, langarar m.m. Ein eller to gonger for veka går han til fengselet. Han går gjennom dei ulike avdelingane og pratar med dei innsette.

På desse åra har han halde elleve bibelkurs innanfor murane. Han seier: "Det er

lettare å ha eit bibelkurs i fengselet enn i kyrkjelyden. I cella er det ei spesiell ro, der er ei stille, og dei får tid til å sjå livet i perspektiv."

Ein gong hadde presten med eit glaskors. Etter andakta fekk alle innsette kvar sitt telys. Der-etter vart dei inviterte til å kveikje lyset og plassere det på korset. All kveikte lyset unntatt ein. Dei andre snudde seg til han. "Vil ikkje du også kome?" Så kom han også. Ein annan vende seg til fangevakta og sa: "Du må vel ha noko i livet du og som du ønskjer å leggje fram for Gud?" Vakta rusla fram og kveikte eit lys. Så stod dei alle saman rundt det lysande korset og bad "Fader Vår", saman.

Etter at vi har lese desse hendingane, må vi ransaka oss sjølve. Har eg noko som burde bli til skjelvande skritt, framrekte hender eller varme famntak?

Der er lækjedom og kraft i tilgjevinga, både for den som ber om tilgjeving og for den som vel å tilgje.



FASTEAKSJONEN 2018
18.-20. MARS

SMS (200 kr) eller Vipps til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Vatn tek liv - og det er vårt ansvar

Guro Petronella Enerhaug

Nokre stader i verda får stadig mindre vatn, andre stader vert det stadig meir vatn. Klimændringar er ei global utfordring, og derfor også vår utfordring. Me må både stanse endringane og hjelpe dei som allereie er ramma.

Alle som har vore på ein lang løpetur veit at vatn kan vere ei velsigning, og alle som har fått vannlekkasje i veggen veit at det kan vere veldig øydeleggjande.

I mange utviklingsland er det også slik, berre i ein langt meir ekstrem versjon. For om du allereie lever på smertegrensa av kva du kan tole, så er tørke eller flaum dødeleg. Matkammer vert tømde om regnet ikkje kjem, og hus kan falle saman om det regnar for mykje og for lenge. Det er verdas mest sårbare som vert mest såra av klimændringane.

Samtidig er me alle ansvarlege for endringane som skjer, og det er derfor me alle må bidra. Rike og fattige, kristne og humanister, bygd og by.

Kyrkjene i indre Nordfjord er med på årets Fasteaksjon, der formålet er å samle inn pengar til menneske som er ramma av mangel på vatn, toaletter og andre ting som er naudsynte å ha. Ein del av aksjonen er også å peike til vårt felles ansvar for verdas klima. Ei klimakrise er også ei vannkrise. Både fjorårets flaum på Sørlandet, orka-

nane i Karibien, tørka i Somalia og vassmangelen i Cape Town minner oss på dette.

I møte med klimautfordringar er det lett å tenke negativt om kva rolle ein sjølv spelar i det store biletet. Mange vil stille spørsmål om det i det heile tatt nyttar å bry seg, når det er så mange som ikkje gjer det. Det er då ein skal tenkje på at det faktisk er ganske mange som nettopp bryr seg, og som kvar dag gjer ei endring i livsstil sin til det betre for klimaet.

Og jo fleire som vert med på trenden, jo lengre kjem me. For om me er mange nok flytter me fjellet litt etter litt. Og om me er mange nok, vil politistarar, marknadskreftene og nærings-

livet kome etter og ta de naudsynte kutta for å stanse klimakrise me står oppi.

I tillegg til klimautfordringa er også Fasteaksjonens mål om å samle inn pengar til folk på flukt, i kriser eller stader kor utviklinga har gått for sakte, eit ansvar me bør ta. Globaliseringa gjer verda stadig mindre, og me kan ikkje melde oss ut. Ei krise langt borte, er også ei krise me skal ta ansvar for å møte, sjølv om me ikkje er direkte ramma sjølv.

Me i kyrkjene i indre Nordfjord håper du vil ta varmt imot bøssebærarane som skal gå med bøsse tysdag 20. mars til inntekt for nokon som manglar reint vatn, ein do eller ein trygg stad å bu.





Slekt
skal følgje
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

Hornindal 2017 - 18

Døpte

19/11 *Lina Isane Nygård*
For. Lillian Katrine Isane
og Ole Christian Nygård
31/12 *Astri Buaune Espe*
For. Elisabeth Buaune og Kristian
Severin Espe
31/12 *Marie Eline Kroken*
For. Linda Mari Lillestøl
Tvinnereim og Tarjei Kroken
11/2 *Ingelin Sandnes Tronstad*
For. Reidun Elisabeth Sandnes
og Lars-Elling Tronstad
11/2 *Benedikte Frøysa Kalvatn*
For Britt Elin Brendefur Frøysa
og Sivert Kalvatn

Døde

29/11 Konrad Mikael Seljeset
f. 1929
12/12 Fritjof Bjørn Nyhammer
f. 1938
20/1 Bjørn Solum f. 1944
28/1 Kristine Eline Rognes f. 1919
2/2 Ola Kristian Hans Storevik f.
1932

Randabygd 2017

Døde

16/11 Magnhild Tvinnereim f 1926
22/11 Aud Brendehaug f 1935

Utvik 2017

Døpte

05.03 *August Ytre – Eide Hage*
For.: Lars Erik Hage og Grete
Sandnes Ytre – Eide

Vigde

08.07 Thomas Nesse og Andrine
Nesse

Olden 2017

Døpte

12.11 *Odin Eric Kvamme* For.: Odd
Jarle Kvamme og Lauren Almee
Barnes (døpt i Nedstryn)
26.11 *Amalie Gjerde* For.:
Asbjørn Gjerde og Kantha Gjerde

Vigde

10.06 Frans Kristian Roelvink
og Mari Kristine Sæther
24.06 Stig Ole Svarstad
og Mari Kristine Melheim
01.07 Geir Ottar Fagerlid
og Ingrid Sørhaug
29.07 Alexander Høgalmen
og Birte Krogh Holko
02.09 Håvard Andre Svarstad
og Marion Bolstad Fløtre
09.09 Dag Bergset Ulvedal
og Maria Kråkenes

Forbøn for vigde

15.08 Per Jogeir Karlsbakk
og Marianne Nilsen

Døde

05.11 Karstein Nesje, f. 1933
06.11 Ingjerd Muri, f. 1936
21.12 Gunnar Skarstein, f. 1953

Innvik 2017

Vigde

29.07 Erik Haugland Dragvoll og
Gina Marie Nesdal Egge

Døde

28.02 Hjørdis Horrig Heggdal, f.
1927
18.04 Arne Bjørseth, f. 1937
03.06 Aud Hilde, f. 1934
21.07 Alma Hilde, f. 1921
28.07 Trond Skåden, f. 1975
30.11 Anton Hilde, f. 1934
*Retting av namn(4-2017) Arne
Bjørseth*

Nedstryn 2017 - 18

Døpte

12/11 *Odin Eric Kvamme*
For. Lauren Aimee Barnes og
Odd Jarle Kvamme
10/12 *Nicholas Rustøen Kverhellen*
For. Hanne Elida Rustøen og
Håvar Kverhellen
28/1 *Hedda og Julie Myklebust
Nesdal*. For. Cecilie Myklebust og
Geir Espen Nesdal
14/2 *Ingrid Lindvik*. For. Carina
Lindvik og Erik Guddal

Døde

16/12 Magnhild Solfrid Gjørven
f. 1933
28/12 Idunn Kjellfrid Tenden
f. 1926
8/1 Henning Sørensen f. 1961
21/1 Åsta Håvåg f. 1925
24/1 Anna Isehaug f. 1924
5/2 Hilmar John Sørensen f. 1939

Oppstryn 2017 - 18

Døpte

19/11 *Axel Aahjem*. For. Anita
Erdal Aahjem og Øyvind Aahjem
4/2 *Amalie Flo Svarstad*. For.
Christina Svarstad og Johan Birger
Flo
4/2 *Lotta Olesen Nesje*. For. Sofie
Olesen Nesje og Sondre Nesje

Loen 2017

Døde

15/11 Bendikt Arnold Sæten
f. 1932
2/12 Gjertrud Loen f. 1947
20/12 Ester Kristine Warholm
f. 1920



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

11. mars; 4. s i fastetida

– Joh 3, 11-16

– Nedstryn 11:00 Gudsteneste.

Ved kateket Beate Nes. Tårnagent

– Innvik 16:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde. Tårnagent

18. mars; Maria bodskapsdag

– Luk 1, 46-55

– Loen 11:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

– Olden 11:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde

– Randabygd 11:00 Gudsteneste

Ved Hege Høibye. Tårnagent for

Nordsida og Randabygd

– Nedstryn 19:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen. Nyskriven

Mariamasse med kor og orkester

21. mars; onsdag

– Nedstryn 19:00

Sogn og Fjordane teater vitjar

Stryn Kyrkje med framsyninga

«Maria Magdalena – Jesu virke»

25. mars; Palmesøndag

– Matt 26, 6-13

– Utvik 11:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde

– Hornindal 11:00 Gudsteneste.

Ved Hege Høibye

– Ljosheim, Oldedalen 19:30

Kveldsgudsteneste. Ved Harald

Runde

29. mars; Skjærtorsdag

– Luk 22, 14-23

– Innvik 11:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde

– Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste. Ved Henny Koppen

– Bruasetra, Hornindal 12:00

Friluftsgudsteneste

– Oppstryn 20:00 Kveldsguds-

teneste. Ved Henny Koppen

– Nordsida 20:00 Gudsteneste.

Ved Hege Høibye. Kveldsmat

etter gudstenesta

30. mars; Langfredag

– Joh 18, 1-19, 42

– Nedstryn 11:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

– Olden 20:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

– Hornindal 20:00 Pasjons-

gudsteneste. Ved Hege Høibye

31. mars; Påskenatt

– Rom 6, 3-11

– Hornindal 23:00 Påskenatt.

Ved Hege Høibye

01. april; Påskedag

– Matt 28, 1-10

– Nedstryn 11:00 Høgtidsguds-

teneste. Ved Henny Koppen

– Olden 11:00 Høgtidsguds-

teneste. Ved Harald Runde

– Randabygd 12:00 Høgtids-

gudsteneste. Ved Hege Høibye

– Oppstryn 13:00 Høgtidsguds-

teneste. Ved Henny Koppen

02. april; 2. påskedag

– Luk 24, 36-45

– Nordsida 11:00 Høgtidsguds-

teneste. Ved Henny Koppen

– Loen 18:00 Salmekveld.

Ved Henny Koppen

08. april; 2. s i påsketida

– Joh 21, 15-19

– Innvik 11:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde

15. april; 3. s i påsketida

– Joh 10, 1-10

– Nedstryn 11:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

– Utvik 11:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde

– Hornindal 11:00 Gudsteneste.

Ved Hege Høibye

22. april; 4. s i påsketida

– Joh 13, 30-35

– Loen 11:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

– Olden 11:00 Gudsteneste.

Ved Harald Runde

– Nordsida 11:00 Gudsteneste.

Ved Hege Høibye

– Oppstryn 20:00 Salmekveld.

Ved Henny Koppen

29. april; 5. s i påsketida

– Luk 13, 18-21

– Stryn kulturhus 18:00

Konfirmantmusikal med alle

konfirmatane i Stryn og

Hornindal

06. mai; 6. s i påsketida

– Matt 7, 7-12

– Oppstryn 11:00 Gudsteneste.

Ved Hege Høibye

10. mai; Kristi himmelfartsdag

– Luk 24, 46-53

– Nedstryn 11:00 Konfirmasjon

I. Ved Henny Koppen

– Nedstryn 13:00 Konfirmasjon

II. Ved Henny Koppen

– Innvik 11:00 Konfirmasjon.

Ved Harald Runde

– Nordsida 11:00 Konfirmasjon.

Ved Hege Høibye

12. mai; laurdag

- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
- III. Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Konfirmasjon.
- Ved Harald Runde
- Hornindal 10:00 Konfirmasjon I. Ved Hege Høibye
- Hornindal 12:00 Konfirmasjon II. Ved Hege Høibye

13. mai; Søndag før pinse

- Joh 3, 16-21
- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
- IV. Ved Henny Koppen

17. mai; torsdag

- Matt 22, 17-22
- Nedstryn 09:30 Festgudsteneste
- Ved Henny Koppen
- Nordsida 10:30
- Festgudsteneste
- Oppstryn 11:00 Festgudsteneste
- Ved Henny Koppen
- Olden gamle kyrkje 11:00
- Festgudsteneste.
- Lek gudstenesteleiar
- Innvik 11:30 Festgudsteneste.
- Ved Harald Runde
- Randabygd 12:00
- Festgudsteneste
- Hornindal 12:00
- Festgudsteneste
- Loen 13:00 Festgudsteneste.
- Ved Henny Koppen
- Utvik 13:00 Festgudsteneste.
- Ved Harald Runde
- 19. mai; pinsafta** - Joh 7, 37-39
- Oppstryn 11:00 Konfirmasjon
- Ved Henny Koppen

20. mai; Pinsedag

- Joh, 14, 15-21
- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Konfirmasjon.
- Ved Harald Runde
- Randabygd 11:00
- Konfirmasjon Ved Hege Høibye
- Hornindal 20:00 Kveldsgudsteneste. Ved Hege Høibye

21. mai; 2. pinsedag

- Joh, 6, 44-47
- Bergsetnausta, Nordsida 12:00
- Naustmesse

26. mai; laurdag

- Loen 11:00 Konfirmasjon.
- Ved kateket Beate Nes

27. mai; Treeinighetssøndag

- Luk 10, 21-24
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
- Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
- Ved Knut Gjengedal
- Ljosheim 14:00 Skaparverkets dag. Ved Harald Runde

03. juni; 2. s i treeingstida

- Joh 3, 26-30
- Oppstryn 11:00 Gudsteneste.
- Ved Henny Koppen
- Innvik 11:00 Gudsteneste.
- Ved Harald Runde
- Kvalen, Randabygd 14:00
- Friluftsgudsteneste.
- Ved Hege Høibye
- Olden 16:00 Gudsteneste.
- Ved Harald Runde

10. juni; 3. s i treeiningstida

- Joh 1, 35-51
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
- Ved Knut Gjengedal

17. juni; 4. s i treeiningstida

- Matt 16, 24-27
- Nordsida 11:00 Gudsteneste.
- Ved Hege Høibye
- Sundshaugen, Olden 14:00
- Friluftsgudsteneste.
- Ved Harald Runde

24. juni; 5. s i treeiningstida

- Matt 7, 21-29
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
- Ved Henny Koppen
- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
- Ved Hege Høibye
- Helset, Loen 13:00
- Friluftsgudsteneste.
- Ved Henny Koppen
- Utvik 16:00 Gudsteneste.
- Ved Hege Høibye

Treng du kyrkjeskyss?

Soknerådet i Nedstryn vil organisere skyss for dei som treng det. Dersom du vil vere med på denne ordninga kan du ringe til Henny Koppen 916 01 630 eller Svein Rønne 404 17 268.

KAFFEKROKEN



B Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden

Musikalhelg i Indre Nordfjord

Vi er 105 konfirmentar frå Hornindal, Stryn, Oppstryn, Olden, Loen, Innvik, Utvik, Blakset og Randabygda som skal framføre ein musikal med musikk, song, dans og drama. *Den forrykande musikalen, «Sett, avslørt og elska»*

skal framførast den 29. april i Stryn Kulturhus. Når vi har møttest og øvd dei forskjellige helgane, har vi vorte delt inn i forskjellige grupper med ulike oppgåver. Gjennom øvingsperioden har vi fått god hjelp frå konfirmentlærarane våre,

Kristian Storevik og Hanna Lien Reksnes, med øving av det vi skal opptre med. Mange foreldre har stilt opp med mat og som leiarar på gruppene. Håpar du vil komme til musikalframsyning!

Tekst og foto: Årets konfirmentar

Intervju med ein (anonym) konfirmant

Korleis er det å vere konfirmant i 2018?

Svar: Det er kjekt, spennande, vi lærer mykje nytt, det er travelt og tøft.

Er det lett å snakke med vennegjengen om Kristendommen?

Svar: Ja, fordi dei også er kristne

Er det enklare å vere kristen no enn før?

Svar: Mykje lettare, før var der en fasit, no føler eg meg fri.

Kor mykje av bibelen har du lest?

Svar: Cirka 10 sider

Kvifor valde du å vere kristen?

Svar: Fordi mamma og pappa døypte meg.



Neste nummer får du i posten rundt 27. juni. Redaktør vert Olav R. Faleide.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 25. mai.